



Styremøte – Januar 2023

Dato: 16.01.23

Tid: 17:30 - 20:30

Sted: Skaret – NJFF M og R

Til stede: Sivert Helland (på teams), Ole Henning Johansen, Christina Bjerknes, Allan Nogva (for Olav Helland), Randulf Tverfjell, Reidar Strand, Svein Dalen, Tove Hundset (på teams), Turid Sættem Eggen (ref.)

Fra administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

Forfall: Joakim Pettersen, Olav Helland, Geir Leslie Björklund og Oddbjørn Jünge

Sak 01/01.23 Godkjenne innkalling

Vedtak: Godkjent

Sak 02/01.23 Godkjenning av referat fra styremøte 21.11.22

Referat fra styremøte 21.11.22 legges frem til godkjenning av styret

Vedtak: Godkjent med merknad om at Reidar Strand slutta seg til møtet på Teams

Sak 03/01.23 Årsmøte 26.03.2023

Det nærmar seg årsmøtetid og vi må få sendt ut invitasjon til lokalforeiningane. Styret må ta stilling til planlegging og gjennomføring av årsmøtet. Har styret saker dei ønsker å legge fram for årsmøtet? Er det eventuelle endringar i vedtektene som er ønskeleg å få behandla på årsmøtet? Annet? Dette må styret ta stilling til samt delegere oppgåver og ansvar for sjølve gjennomføringa.

Forslag til årsmøtesaker: Kontingentsatsar – årsmøtet godkjenn forslag til kontingentsatsar som Regionsleiar skal fremme for Representantskapet. Dvs. hvordan kontingenten skal fordeles mellom sentralleddet, regionlaget og lokallagene.

Forslag til vedtak:

1. Styret ber leiar, nestleiar og regionsekretær sjå nærare på kontingentsatsane (fordeling mellom ledda i organisasjonen) og førebu sak for årsmøtet i NJFF M&R.



2. Det blir forberedt sak om vedtektsendring som inneber at kvart utvalg får ein fast varaperson. Denne skal ha stemme- og talerett på linje med utvalgsmedlemmene når vedkomande er innkalla.

Sak 04/01.23 Tillitsvalgtsamling 25.03.2023

Det var bestemt at vi skal tilbake til den gamle varianten med tillitsvalgtsamling i forkant av årsmøtet, der vi fikk tilbakemelding frå deltakarane på tillitsvalgtsamlinga i Desember at det var ønskeleg med workshop/fagrelaterte tema til dei forskjellige interesseområda vi driv aktivitetar i. Dette er då planlagt slik at deltakarane får sjølv velje kva aktivitet/foredrag dei ønsker å delta på.

Styret må legge ein plan for program for denne dagen med relevante tema/foredragshaldarar. Det er forventa at utvala legg fram forslag til aktuelle innslag/workshop til sitt interessefelt, dette kan vere f.eks praktiske demonstrasjonar, foredrag etc.

Vedtak: Tillitsvalgtsamlinga starter kl. 11 på lørdag, ferdig til 18.00.
Parallele sesjonar:

- bålmat (barne- og ungdomsutvalg og kvinneutvalg, eks i Alexandraparken, smaksprøver) Ole og Kristian ansvarlig. Invitere Anine til Molde, evt Hanne Hide, Norsk Friluftsliv
- fluebinding (fiskeutvalget: på storskjerm og prøve sjøl)
- skyteaktivitet (Ole H sjekker om bane)
- Portalkurs, midler og tilskudd tilgjengelege midlar for oss, få hjelp til å søke (v/Monica?)
- Tema inne frå 17.00 til 18.00 med info til tillitsvalgte (blyforbud v/Vidar Nilsen, Randulf om elv?)
- Lokal påvirkning på prosessar lokalt. FNF og Ingbjørn: Høringsradaren
- Foredrag på kvelden tillitsvalgtsamling: Psykolog med sovepose – Johanne Refseth (Monica sjekkar, evt Amalie Bjorøy som Sivert kan avklare)

Sak 05/01.23 Regnskap for 2022

Regnskapet for 2022 skal leggst fram for årsmøtet til godkjenning, derfor er det viktig at styret går igjennom det framlagte regnskapet og godkjenner det slik det er framlagt til vidare godkjenning av årsmøtet.

Behandling i møte:

Gjennomgått og kommentert av kasserer, ifht budsjett: Overskudd på rundt 185.000,- per no, administrasjonen har jobba godt med søknader om midler som har generert meir aktivitet enn tidlegare. Kjem til jaktleie på Frei, men vil får eit overskot. Balanse gjennomgått.

Vedtak: Styret godkjenner det framlagte regnskapet for 2022, med merknad om tilfredsstillande resultat og at godt arbeid av administrasjonen har bidrege til det.



Sak 06/01.23 Budsjett 2023

Regionsekretær og kasserer har i samarbeid utarbeidet et forslag til budsjett som presenteres for styret.

Styret må se igjennom forslag til budsjett, og gjøre eventuelle justeringer. Her må styret og utvala tenke godt igjennom behovet for eventuelle investeringar. Det er forventa at utvala legg fram forslag med kostnad om dei har planar til aktuelle prosjekt. Ein må også ta stilling til behovet for justering av eksisterande postar i budsjettet der erfaring har vist at det har vore små marginar, samt vere påpasseleg med at ein ikkje får eit stort underskot på budsjettet.

Behandling i møtet:

Gjennomgang forslag til budsjett ved regionsekretær og kasserer. Det budsjetteres med underskudd. Innspel: sivkutter, behovsundersøking i lokallaga først. Kostnad, men også kilde til inntekt. Fiskeutvalgssamling: orientering og diskusjon om gjennomføring framover. Eit såpass stort løft at ein kan sjå på enno fleire inntektsmulegheiter for å følge opp intensjonen med ei årleg fiskeutvalgssamling. Forslag om eit jaktterreng på Sunnmøre: Jaktutvalget arbeider vidare med dette for avklaring, og legg fram sak for styret om det går i orden.

Vedtak:

Styret godkjenner forslaget til budsjett med desse endringane:

- Tilskudd frå NJFF sentralt til introjakter på kr. 16.000,- blir tatt bort, da det frå og med 2023 berre blir gjeve tilskot til lokallaga for dette.
- Det årlege fiskeseminaret blir lagt inn som eigen post på budsjettet til en kostnad på kr. 40.000,-. Fiskeutvalet søker ekstra midler og utarbeider budsjett.

Sak 07/01.23 Årshjul 2023 for utvalga

Utvala jobba med å utarbeide årshjul for 2023 under utvalgssamlinga 2.-3. desember - 22. Desse vart kortfatta presentert for deltakarane på tillitsvalgtsamlinga 4. desember - 22. Årshjula skal fungere som ein plan for aktivitetar i regionslaget i 2023, og for å sørge for god marknedsføring av desse aktivitetane, er det viktig at det tidleg vert presisert tid, stad og innhald. Utvala må også sørge for å skaffe kyndige instruktørar til desse aktivitetane så snart som mulig, Slik årshjulene foreligger nå, er de for lite presise til å kunne legges ut i aktivitetsskalenderen.

Vedtak: Styret godkjenner dei framlagte årshjula frå utvala, men utvala skal starte finplanlegginga så snart som råd.

Sak 08/01.23 Virksomhetsplanen

Tidlegare har styret tatt utgangspunktet i den sentrale virksomhetsplanen og utarbeid ein variant som er meir aktuell for dei regionale verksemdene. Styret må ta



stilling til om ein slik regional virksomhetsplan skal utarbeidast og leggest fram for årsmøtet eller om styret skal legge fram den sentrale planen til godkjenning.

Vedtak: Styret legg fram den sentrale virksomhetsplanen til godkjenning for årsmøtet då den også dekker regionale aktivitetar med meir.

Sak 09/01.23 Årsmøter i lokalforeningene og representasjon fra styret

Styret har tidlegare meldt si interesse til lokalforeningane om å delta på deira årsmøter, enten som reine observatørar eller som foredragshaldar der ein f.eks informerar om regionlagets aktivitetar og målsetningar. Deltakelse på lokalforeningane sine årsmøter er ikkje alltid lett å planlegge då desse vert gjennomført til varierende tider, men styret må ta stilling til om vi skal melde vår interesse til deltakelse og kven som planlegg å delta kvar. Ein slik plan kan vere heilt generell og justerast undervegs dersom ei lokalforening f.eks kjem med ønske om deltakelse/innspel frå eit spesifikt fagutval.

Behandling: Så langt ikkje så stor interesse, skal vi invitere oss ut? En henvendelse har vært sendt, vurdere å sende på nytt.

Vedtak: Det blir sendt epost til lokallaga der vi spør om det er ønske om deltaking frå regionstyret på årsmøte i lokalforeningane. Dersom det melder seg interesserte, vil det bli sett opp ein plan på fordeling av kven som reiser ut og til kva forening.

Sak 10/01.23 Husleige av møterom på Skaret

Per dags dato er det fastsatt ei husleige på 500kr pr møte ved bruk av møterommet på Skaret. Denne husleiga har ikkje vert justert på fleire år. I seinare tid har det oppstått ei auke i driftskostnadar av lokalet, straumutgifter, vedlikehald av utstyr, investeringar, reinhald m.m.

Til eksempel har vi per dags dato ei årleg utleige til Molde JFF på 15.000 kr. per år, dette tilsvarar ca. 250-300 kr. per kveld/dag med utgangspunkt i eit møte per veke. Molde JFF har også brukt lokala vederlagsfritt utover klubbkveldane.

Styret bes ta stilling til om husleiga skal justerast med tanke på dei auka utgiftane, f.eks til 700 kr. pr møte/kveld, og om den årlege leiga til Molde JFF skal oppjusterast noko.

Forslag til vedtak:

Saka leggest fram til diskusjon utan forslag til vedtak.

Vedtak:

Molde JFF er enig i en liten økning av husleien, og kommer tilbake til styret med forslag til ny leiepris



NJFF
Møre og Romsdal

Øvrig utleie:

Jeger- og Fiskerforeninger/JFF-relaterte møter: Kr. 500,- per dag/kveld

Andre eksterne leietakere: Kr. 700,- per dag/kveld

Annet:

Muntlige orienteringer:

A Årsmeldinger – styre, utvalg og instruktører (frist 15.februar)

A Medlemsstatus per 31.12.22

B Vedtektarbeidet

C Søknader og tilskudd – status og planer

Sivert Helland
Regionleder

Monica Malmedal
Regionsekretær